

# Kurs i gatekunst på Radøy

## Work shop med kunstnar frå Brasil

**RADØY:** Torsdag og fredag får radværingane besøk frå den brasilianske gatekunstnaren PEACTU.

**ATLEVAAGE**  
atle@nordhordland.no

Vestnorsk utvandringssenter på Sletta er vertskap for besøket, med Radøy kommune som medarrangør. Torsdag og fredag i veka som kjem inviterer dei til såkalla work shop i gatekunst, eller street art, på Manger.

Street art er ei global kunstform som er utvikla i det offentlege rom, lovleg eller ulovleg. Offentleg kunst og skrifter har eksistert i alle år, til dømes gjennom vikingetida sine runer. Den moderne kulturen vi kjenner i dag, vert gjerne knytt opp mot hip hop rørsle som utvikla seg i New York på 70-talet.

### Midt i blinken

– Dette er midt i blinken for oss på utvandringssenteret, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland til Nh. Ho viser til at kontakten mellom Norge og Amerika ikkje berre har gått ein veg, gatekunsten er døme på at noko har kome attende til oss.

– Nordmenn har fått mange impulsar frå andre sida av Atlanterhavet, slår Dyrkorn Heierland fast.

### Meir og meir akseptert

Omgrepet street art omfattar mellom anna tradisjonell grafitti, sjablong-grafitti, klistremerkekunst, videoproduksjon og gateinstallasjonar. Denne urbane forma for kunst har fått mykje merksemd dei siste åra, og er i aukande grad akseptert også i Norge.

Under work shopen på Manger torsdag og fredag, vil det verta gitt introduksjon til street art. Dette inkluderer også studium av metodar og stilar, fargestudium, teikning og sprayteknikk.

– Siste del av kurset heldt vi

ute, og vi tek sikte på å måla på ein utandørs vegg i det offentlege rom, seier avdelingsleiaren.

### 10-18 år

Kurset rettar seg mot unge i alderen 10-18 år.

– Av praktiske omsyn er det begrensa kor mange vi kan ha med på kvar av dei to kveldane. Så her gjeldt prinsippet om “førstemann til mølla”, seier Dyrkorn Heierland. Ho oppmodar lokal ungdom om å få med seg det spennande kurset.

PEACTU er elles eit kunstnar-namn for brasilianske Rodrigo Vitorio Lisboa Souza. Han er ein anerkjend kunstnar innan gatekunst.



GATEKUNSTNAR: Den brasilianske gatekunstnaren PEACTU gjestar Radøy neste veke.

Hadde vært knall om vi hadde en ballbinge ved skolen.

Ole, lokal fotballentusiast

Vi trenger et skikkelig trekkplaster til festivalen til sommeren, men det koster penger.

Henriette, lokal festivalarrangør

Hva er ditt prosjekt

Tenk om vi kunne fått gjennomført filmprosjektet med ungdom fra distriktene?

Marte, lokal filmstudent

Drømmen er å få råd til den speiderhytta vi har snakket om i årevis.

Harald, lokal speiderleder

## Bygdemøte om kommuneplan

**RADØY:** Radøy kommune har no lagt kommuneplan for 2011-2023 ut på høyring og offentlig ettersyn. I den samanhengen vert det no invitert til bygdemøte på Manger 25. mai, på Hordabø 26. mai og på Austebygd 30. mai, om kvelden.

Mål for arbeid med kommuneplanen er å få eit betre verkty for forvaltning av areala og dei kommunale tenestene i Radøy. Frist for å koma med merknadar er 15. juni.

## Vi støtter livskraftige kystsamfunn

I Marine Harvest er vi avhengige av livskraftige lokalsamfunn langs kysten der vi driver havbruk. Livskraften må komme både fra et vitalt næringsliv og et mangfoldig tilbud innen kultur, idrett og lokalt miljøarbeid. Gjennom Marine Harvest-fondet ønsker vi å bidra så det virkelig monner.

Fortell oss om ditt prosjekt og hvorfor du mener vi bør støtte det. Det kan være en velprøvd idé eller noe ingen har gjort før. Det ser vi stort på. I år skal vi dele ut til sammen 10 millioner kroner.

Mer informasjon og søknadsskjema finner du på [www.marineharvest.no](http://www.marineharvest.no)

Og vi ser stort på det.

marineharvest  
FONDET